




VINDAFJORD  
KOMMUNE

# Tilstandsrapport barnehage og skule 2025





## Innhold

Forord	s.3
Interkommunalt samarbeid	s.4
Barnehage	s.5
Kartlegging og systematisk arbeid med barnas utvikling	s.7
Kompetanseplanar i barnehagane	s.9
Skule	s.10
Læringsutbytte	s.13
Nasjonale prøvar	s.15
Resultat elevundersøkinga	s.22
Resultat Ungdata	s.24
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng på 10.trinn	s.25
Fråvær	s.26
Gjennomføring i vidaregåande opplæring	s.26
Fokusområde framover	s.28



## Forord

I følge Opplæringslova § 17-12, skal kommunestyret og fylkestinget få årleg informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa. Frå 1. august 2024 var det ikkje lenger eit krav om at skuleigar må utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Vindafjord kommune oppvekst og de folkevalte ønsker likevel ein tilstandsrapport. Her finn de opplysningar om barnehagane, grunnskulen og SFO. Målet med rapporten er å danne eit felles grunnlag for å utvikla kvaliteten i barnehage og skule.

Innrapporteringsystemet BASIL ( barnehage) og informasjonssystemet GSI ( skule) samt rapporteringar, kartleggingar og undersøkingar frå alle einingane ligg til grunn for det som blir presentert i rapporten. Rådgjever og barnehage- og skulesjef har samanfatta resultata.

Tilstandsrapporten gir eit samla bilete av status og utvikling i de kommunale og private barnehagane og i skulane i Vindafjord. Rapporten inneheld vurderingar på sentrale område og peiker på kva som bør prioriterast framover. For å styrke det politiske engasjementet, er det viktig å bruka rapporten både til å vise kva tala seier- og til å forklara kva dei ikkje fangar opp. Tala gir innsikt i kva som fungerer godt, og kvar det er behov for forbetring. For å ta gode, politiske avgjerder, treng me og å forstå samanhengar og utfordringar som ikkje kjem fram i statistikkane. Dialog og felles refleksjon blir viktig for å utvikle kvaliteten vidare i barnehagane og skulane.

(Bileta i rapporten er henta frå Vågen oppvekstsenter).





## Interkommunalt samarbeid:

### BTI-modellen

I disse dagar vert BTI-modellen revidert i samarbeid med Etne kommune. BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) er ein viktig rettesnor for tidleg innsats og godt samarbeid mellom tenestene rundt barn og unge. Rettleiaren tydeleggjer korleis uro skal handterast og sikrar at både barn, føresette og fagpersonar får ei heilskapleg og føreseieleg oppfølging.

Vindafjord kommune legg stor vekt på samarbeid, kvalitet i dei ordinære tenestene og å skape eit trygt oppvekstmiljø. BTI-arbeidet er forankra i felles verdiar og haldningar som skal styrka lagarbeidet rundt barnet og bidra til gode løysingar i fellesskap.

### Ekstern vurdering og tilsyns-nettverk med Sauda og Suldal kommunar

Vindafjord samarbeidar med Sauda og Suldal kommunar om rutiner for kollektiv kompetanseutvikling, og som ein del av denne rutina blir det kvart år gjennomført ekstern vurdering ved barnehagar og skular i dei tre kommunane. Hausten 2025 gjaldt dette Ølen skule og Vågen oppvekstsenter avd. Barnehage. Rapportane ligg på nettsida til eininga, under Vindafjord kommune.

Dette inneber at det kjem eit vurderingsteam frå Sauda eller Suldal kommune til skulen eller barnehagen. Dei eksterne vurderarane er rådgjevarar, skuleleiarar og skulen sin PP-kontakt. Dei har fått skulering for å kunne gjennomføra ei slik vurdering, og vurderinga skal ha fokus på det utviklingsområdet barnehagen eller skulen jobbar med.

Vurderarane vil i løpet av tre dagar snakka med barn, elevar, foreldre, leiinga, pedagogar, fagarbeiderar og anna personale. I tillegg vil vurderarane vera til stades i barnehagen/på skulen for samtalar og observasjon av aktiviteten og opplæringa. Ein snakkar med dei tilsette utan at leiar er til stades, og vi snakkar med skuleleiinga åleine.

Den eksterne skulevurderinga endar opp i ein presentasjon for tilsette, føresette, barn, elevar og skuleeigar, der ein peikar på sterke sider, og kva område ein i fellesskap kan jobba med for å utvikle skulen vidare til beste for elevane

Kommunen samarbeiar og om tilsynsnettverk med Sauda og suldal, les meir her:

[Tilsynsmynde - Vindafjord kommune](#)



## Barnehage

### Sektormål for barnehage

Regjeringa har definert følgjande mål spesielt for barnehagesektoren:

- **Alle barn skal ha eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.**
- **Barn som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikle sitt potensial.**
- **Dei tilsette i barnehagen har høg kompetanse.**
- **Alle barn har god tilgang til relevante barnehagetilbod av høg kvalitet.**

Desse måla er styrande for kvalitetsutviklinga i barnehagesektoren og ligg til grunn for nasjonale strategiar som *Barnehager mot 2030* og *Barnehagen for en ny tid*, der regjeringa vektlegg inkludering, kompetanseheving, tidleg innsats og likeverdig kvalitet over heile landet.

[\[regjeringen.no\]](https://regjeringen.no)

Tal på barn som gjekk i private og kommunale barnehagar per desember 2025 var 463, av desse har 419 heiltidsplass og 44 deltids plass. 55 av barna har minoritetsspråkleg bakgrunn.

I Vindafjord hadde me per desember 2025 ni barnehagar kor seks er kommunale og tre private

Barnehage	Ped.leiar	Grunnbemannning	Totalt tilsette	Kommunal/privat	Totalt barn
Bjoa	1 (mangla des 2025)	2	3	Kommunal	11
Nausthaugen	8	8,6	20	Privat	62
Sandeid	8	9,2	19	Kommunal	64
Skjold	12	16	33	Kommunal	120
Vik	2	2	5	Kommunal	16
Vikedal	6	6,6	17	Privat	52
Vågen	4	5,4	11	Kommunal	39
Ølensjøen	9,3	14	31	Privat	100

Tabellen viser tal tilsette totalt, både heiltid og deltid.



Dispensasjonar frå utdanningskravet gjeld i følgjande barnehagar:

- Nausthaugen barnehage: 1,8
- Vik oppvekstsenter 1
- Ølensjøen FUS barnehage: 1,6

Kravet er maks seks barn per tilsett i grunnbemanning. Kravet er og maks 14 barn per pedagogiske leiar. Eit ekstra barn krev eit heilt ekstra årsverk til pedagogisk leiar.

Barnehage	0-2 år	3-5 år	Bemanningsnorm	Pedagognorm
Bjoa	2	9	4,8 barn	11 barn
Nausthaugen	29	33	5,6 barn	13 barn
Sandeid	24	40	5,2 barn	12,6 barn
Skjold	40	80	5,5 barn	13,3 barn
Vik	3	13	5,3 barn	9,5 barn
Vikedal	18	34	6 barn	12,7 barn
Vågen	17	22	6 barn	15 barn
Ølensjøen	42	57	6 barn	15 barn

Tal vedtak § 31: 26 (Ølensjøen 14) 5,6 %

Tal vedtak § 37: 13 (Ølensjøen 7) 2,8 %

Omlag halvparten av fleirspråklege barn har opphald i Ølensjøen FUS barnehage.



## Kartlegging og systematisk arbeid med barnas utvikling

Barnehagen nyttar fleire anerkjente kartleggingsverktøy for å følgje med på og støtte barnas utvikling på ein målretta og fagleg forsvarleg måte. Formålet med kartlegginga er å skape eit heilskapleg bilde av kvart enkelt barn sin trivsel, utvikling og læring, slik at personalet kan tilpasse det pedagogiske arbeidet og sikre tidleg innsats der det er nødvendig.

Vi nyttar følgjande verktøy:

**TRAS (Tidlig Registrering Av Språkutvikling)** vert brukt som eit observasjonsverktøy for å følgje utviklinga av språk hos barn i alderen 2–5 år. Verktøyet gir personalet eit strukturert grunnlag for å vurdere språklege ferdigheiter, identifisere behov og setje inn målretta språkstimulerande tiltak.

**Alle Med** blir nytta som eit systematisk verktøy for å observere barnas utvikling innanfor fleire område, som sosial kompetanse, leik, kommunikasjon, trivsel og motorikk. Observasjonane bidreg til å sikre at barnehagen har god oversikt over barnets utvikling og kan setje inn tilpassa tiltak ved behov.

**Begrepsforståing** blir brukt for å kartleggje barnets forståing av sentrale omgrep, noko som er viktig for vidare språkleg og kognitiv utvikling. Kartlegginga gir personalet innsikt i kor barnet står, og korleis ein best kan støtte utviklinga av ordforrådet og språklege ferdigheiter.

**NYA SIT.** Denne kartlegg mellom anna: Språkforståing, forståing av ord, uttrykk og setningar. Non-verbal testdel: Oppgåver som måler resonnering, problemløysing og forståing utan bruk av språk.

**MIO (Matematikk – Individ – Omgjevnader)** er eit kartleggingsverktøy som kartlegg tidlege matematiske ferdigheiter hos barn i førskulealder. Verktøyet tek utgangspunkt i barns nysgjerrigheit og leik, og ser på korleis barna nyttar og forstår matematiske omgrep i kvardagslege situasjonar. MIO kartlegg mellom anna: Mengdeforståing, taletilnærming og tellemåtar, sortering og klassifisering, romforståing og form, enkle problemløysingsstrategiar

Kartleggingsresultata vert alltid vurdert som del av ein heilskapleg pedagogisk praksis.

Observasjonane vert følgde opp gjennom refleksjon i personalgruppa, dialog med føresette og planlegging av målretta tiltak. Barnehagen legg vekt på å gjennomføre kartlegging på ein måte som støttar barnets tryggleik, meistring og trivsel.



## Foreldreundersøkinga i barnehagen

Foreldreundersøkinga er ei nasjonal undersøking utvikla av Utdanningsdirektoratet for å kartlegge foreldra si vurdering av barnehagetilbodet. Undersøkinga gir viktig innsikt i korleis foreldra opplever kvaliteten i barnehagen, og bidreg til at barnehagen kan vidareutvikle praksis på ein kunnskapsbasert måte.

Undersøkinga inneheld spørsmål om mellom anna:

- Barnets trivsel og tryggleik
- Relasjonen mellom barn og personale
- Informasjon og samarbeid mellom heim og barnehage
- Barnehagens pedagogiske innhald
- Leikemiljø og ute-/innemiljø
- Opplevd medverknad for både barn og foreldre

Svar frå foreldra blir brukt som grunnlag for refleksjon og kvalitetsutvikling i barnehagen. Resultata blir gjennomgått av personalgruppa, drøfta med FAU og kan inngå i barnehagen sitt årlege plan- og utviklingsarbeid.

Foreldreundersøkinga blei gjennomført i januar 2026. Resultata kjem på neste års tilstandsrapport.





## Kompetanseplanar i barnehagane

Alle barnehagane i kommunen har utarbeida kompetanseplanar. Desse skal sikre at personalet i barnehagen har oppdatert og relevant kompetanse for å gi barna eit inkluderande og utviklande barnehagetilbod. Planane byggjer på rammeplanen og lokale behov, og inneheld dei viktigaste satsingsområda for fagleg utvikling.

Planane omfattar:

- Faglege prioriteringar som språk, leik, sosial kompetanse, tidleg innsats og realfag.
- Tiltak for kompetanseutvikling, som kurs, fagdager, kollegarettleing og deltaking i lærande nettverk.
- Ansvarsfordeling, der både styrar, pedagogar og øvrige ansatte har klare roller.
- Tidsplan og evaluering, slik at utviklingsarbeidet blir systematisk, forankra og følgt opp.

Kompetanseplanane bidreg mellom anna til ein lærande organisasjon, høgare kvalitet i barnehagetilbodet og betre støtte til alle barn.

Vindafjord kommune har eit samarbeid med Sauda- og Suldal kommune, der rådgjevarane i dei kommunane er mynde for oss i dispensasjonssaker. Barnehage- og skulesjef i Vindafjord fungerer som mynde i Sauda og Suldal. Januar 2024 blei det opna tilsyn på barnehagemynde i Vindafjord kommune, som følgje av dette måtte kommunen blant anna skilje planen for Trygt og godt barnehage -og skulemiljø frå kvarandre. Under finn det lenka til barnhagen sin plan. Tilsynet blei godkjent og lukka i mars 2025.

<https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/barnehage/trygt-og-godt-barnehagemiljo/>

Link til barnehagemynde:

[Barnehagemynde - Vindafjord kommune](#)



## Skule

Einingsleiarane i barnehage og skule har ei rolle som både er spanande og krevjande. Dei møter ein kvardag med mange ulike oppgåver og eit ansvar som stadig endrar seg i takt med utviklinga både lokalt og nasjonalt.

I Vindafjord er barnehagar og skular organiserte som egne einingar, kvar med sin leiar. Desse leiarane har ansvar for den daglege drifta og for å skape gode tenester for barn, elevar og familiar. Samstundes er dei ein viktig del av kommunen sitt samla driftsapparat, og arbeider i tett samarbeid med andre einingar og kommunale støttefunksjonar.

Denne organiseringa gir einingsleiarane både handlingsrom og ansvar, og krev at dei har brei kompetanse, god rolleforståing og evne til å leie i ei tid med stadig endring.

Nasjonalt ser vi ei utvikling der det blir stilt stadig høgare krav til leiarrolla. Den moderne einingsleiararen skal ikkje berre sørge for god dagleg drift, men må òg kunne byggje nettverk, leie endringsprosessar og handtere forventningar frå både politikarar, innbyggjarar og omgjevnadene rundt.

I kommunen har kvar einingsleiar eit tydeleg delegert ansvar gjennom leiaravtalen. Dette ansvaret omfattar økonomistyring, personalleiing og å sikre at tenestene som blir levert, held god kvalitet.

For å styrkje denne kompetansen har alle einingsleiarane delteke i eit leiarutviklingsprogram i regi av Human AS. Programmet starta i november 2024 og gjekk over eitt og eit halvt år. Målet var å gi leiarane eit felles grunnlag for vidare utvikling, meir innsikt i eiga rolle og betre verktøy til å møte dei aukande krava i sektoren.

I desember 2024 (sak 073/24) vedtok kommunestyret å legge ned Imsland oppvekstsenter og Bjoa skule frå hausten 2025. Denne overgangen har gått fint, elevane har gått rett inn i klassane på ny skule, og tilsette har blitt overført til andre einingar etter ein prosess.

Vikedal skule fekk tilsett ny einingsleiar i januar 2025, etter at stillinga hadde stått ledig i eit halvt år.





## Elevtal 2025 – 2026

Tal frå januar 2026

Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum M	Sum U	Totalt
Vik	6	4	3	5	4	4	2				28		28
Sandeid	16	10	16	18	13	20	17				110		110
Vats	13	15	13	12	12	17	16				98		98
Vågen	12	14	18	17	22	16	16				115		115
Vikedal	11	15	13	9	17	13	13	30	33	25	91	88	179
Ølen	16	20	23	22	20	28	18	50	40	55	147	145	292
Skjold	24	23	25	22	28	21	24	46	48	43	167	137	304
<b>Totalt</b>	<b>98</b>	<b>101</b>	<b>111</b>	<b>105</b>	<b>116</b>	<b>119</b>	<b>106</b>	<b>126</b>	<b>121</b>	<b>123</b>	<b>756</b>	<b>370</b>	<b>1126</b>

### Fordeling tilsette i stillingsprosent:

Skule og sfo	Fagarbeidar/assistent	Pedagog	Leing
Vik	1,61	3,54	0,65
Sandeid	4,81	9,62	1
Vats	3,31	8,70	1
Vågen	5,05	10,21	1
Vikedal	3,96	18,62	1,75
Ølen	9,04	34,69	2,6
Skjold	8,49	30,14	2,5



## Tal fleirspråklege elevar ved skulane:

Skule	Skjold	Ølen	Vikedal	Vik	Vats	Vågen	Sandeid
Elevar kom etter 1.1.2023	2	25	7	0	1	2	3
Elevar som kom frå 1.8.2021-1.8.2023	3	30	3	0	1	5	3

Merk at elevar som kom til Noreg før 1.8.2021 og er fleirspråklege. Ein fleirspråkleg elev er ein elev som brukar to eller fleire språk i livet sitt, heime, i skulen eller i andre samanhengar.

## Skulefritidsordninga (SFO)

SFO er eit tilbod før og etter skuletid for barn på 1. til 4. trinn. Barn med særskilte behov på 1. til 7. trinn kan også søka om SFO-plass. Det er SFO knytt til alle grunnskulane i kommunen.

Skulefritidsordninga er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa og skal difor vera noko anna enn skule og barnehage. SFO skal vera ein trygg opphaldsplass for barna utover skuletida, gje barna omsorg og tilsyn, leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og vera tilpassa barna og foreldra sine behov.

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/om-rammeplanen/>

Det er gradvis blitt innført Gratis kjernetid for 1.-3.klasse, for meir info om tilbod, prisar og planar:

[SFO - Vindafjord kommune](#)

Tal på elevar som nyttar SFO-tilbod ved dei ulike skulane:

SFO År	Sandeid	Skjold	Vats	Vik	Vikedal	Vågen	Ølen	SUM
2025/26	40	68	30	17	36	42	64	297

16 elevar (19 førre år) har hatt feriepakke på Ølen skule og 10 elevar (12 førre år) har hatt feriepakke på Skjold skule.

Det er 115 (106 førre år) av dei 297 barna som har SFO-plass som går på 3.-eller 4.trinn eller på mellomtrinnet, medan 182 (188 førre år) barn er frå 1.og 2.klasse.



## Læringsutbytte

Alle elevar som fullfører grunnskulen skal meistre dei grunnleggande dugleikane i lesing, skiving, rekning, digitale ferdigheiter og munnleg kommunikasjon. Desse dugleikane er ein viktig føresetnad for vidare læring og utvikling, både i skule, arbeidsliv og samfunn.

Det siste året har talet på elevar med vedtak om spesialundervisning auka. I samarbeid med PPT arbeider skulane kontinuerleg med å tilpasse opplæringa, slik at fleire elevar får nødvendig støtte innanfor den ordinære undervisninga.

Alle elevar har rett til tilpassa opplæring ut frå egne evner og føresetnader. For lærarar kan det likevel vere krevjande å møte behova til alle elevar i ein klasse, særleg når elevane har samansette eller komplekse utfordringar som gjer dei ekstra sårbare i skulekvardagen. For å sikre god tilpassing og kvalitet i undervisninga, er det behov for både rett kompetanse og tilstrekkelege ressursar i skulen.

## Kartleggingsresultat

Kvar skule har gått grundig gjennom resultatata frå Elevundersøkinga, nasjonale prøvar og andre kartleggingar som seier noko om elevane sitt læringsmiljø og læringsutbytte. Resultata er òg lagt fram for elevrådet og Samarbeidsutvalet (SU) ved skulane. I SU sit mellom anna to representantar frå kommunen – ein av dei er rektor, og den andre er ein politisk representant.

## Kva gjer skulane med kartleggingsresultata?

Skulane brukar resultatata aktivt i kvalitetsarbeidet sitt, og set inn målretta tiltak der det er behov. Dette inneber mellom anna at dei:

- set i verk tiltak basert på pedagogisk analyse når kartlegginga viser utfordringar
- gjennomfører lesekurs eller andre støtteforløp for elevar som treng ekstra hjelp
- analyserer resultatata for å identifisere kva elevar strevar med, og korleis undervisninga kan tilpassast betre

Gjennom dette arbeidet får skulane eit godt grunnlag for å styrke både læringsmiljøet og opplæringa for alle elevar.



## Tal på elevar med individuell tilrettelagt opplæring (ITO) (spesialundervisning før 01.08.24) etter vedtak

Prosentdel elevar med ITO dei siste åra:

	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
1.-7.kl	5,1	7,7	9,0	7,8
8.-10.kl	8,2	9,7	11,0	11,3

Me har ein auke i tal elevar som har behov for individuelt tilrettelagt opplæring (ITO). Utviklinga speglar både nasjonale og lokale tendensar og kan forklarast noko med:

Auka kompleksitet i elevgruppa: Fleire elevar har samansette lærevanskar, språkutfordringar eller psykososiale behov som krev meir omfattande tilrettelegging enn ordinær opplæring gir.

Strengare krav i læreplan og vurdering: Klare kompetansekrav gjer det vanskelegare å kompensere for faglege manglar innanfor vanleg undervisning, noko som aukar behovet for ITO.

Ressursutfordringar i skulen: Høg elevtettleik, mindre støttepersonell og redusert førebyggjande arbeid fører til at fleire elevar treng formelle vedtak.

Auka medvit om rettar: Føresette og skular ber oftare om vurderingar og tilrettelegging, noko som gir fleire tilrådingar frå PPT.

Samfunnstendensar: Auka førekomst av psykisk uhelse, uro, konsentrasjonsvanskar og endra medievanar krev meir individuell oppfølging.

Forbetra kartlegging: Bette verktøy og meir systematiske prosessar gjer at behov vert oppdaga og dokumentert tidlegare.

Skulane jobbar for å redusere behovet for ITO gjennom å styrke førebyggjande og inkluderande praksis, sikre tidleg innsats, organisere ressursane meir fleksibelt, intensivere systemretta samarbeid med PPT, betre dokumentasjonen av ordinære tiltak, arbeide systematisk med elevane si psykososiale utvikling og ha tett dialog med heimen. Desse tiltaka vil samla bidra til at fleire elevar får eit godt tilpassa opplæringstilbod innanfor fellesskapet.



## Nasjonale prøvar

Nasjonale prøvar kartlegg elevane sine dugleikar i lesing, rekning og engelsk, og er obligatoriske på 5., 8. og 9. trinn. Resultata gir skulane viktig informasjon om både elevar si måloppnåing og kvaliteten på opplæringa.

Vindafjord har relativt låge elevtal, noko som gjer at resultatata naturleg kan variere frå år til år. Små endringar i elevgrunnlaget kan gi store utslag i gjennomsnitta.

Skulane analyserer eigne resultat som del av det systematiske kvalitetsarbeidet. Målet er å identifisere styrkar og utfordringar, og vidareutvikle opplæringa slik at elevane får best mogleg læringsutbytte.

For nasjonale prøvar blir det brukt ein felles skala (skalapoeng). Alle resultat blir rekna om til denne skalaen, slik at ein kan følgje utvikling over tid og samanlikne resultat på tvers av fag og prøvar. Skalaen er bygd opp med gjennomsnitt på 50 skalapoeng og standardavvik på 10.

For meir informasjon: [Kva er nasjonale prøver? | udir.no](#)






## Rekning 5.trinn

Tabellane viser utviklinga i resultat dei 6 siste åra. I grønt er Vindafjord kommune sine resultat, blått er resultat frå heile landet. Meistringsnivå 3 er det beste.

### [Analysebrettet - Nasjonale prøver for grunnskole](#)

#### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – regning 5. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Vindafjord kommune (EIER), 5. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Alle kjønn

#### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – regning 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Hele landet, 5. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Alle kjønn


Resultata viser at ein stor del av elevane ligg på meistringsnivået midt på skalaen.

Samtidig ser vi ein auke i talet på elevar som når det høgaste meistringsnivået samanlikna med året før.

Med eit gjennomsnitt på 47 skalapoeng ligg vi noko under landssnittet, som er på 49.

#### Skalapoeng – Utvikling over tid – regning 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Vindafjord kommune (EIER), 5. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Alle kjønn



## Lesing 5.trinn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – lesing 5. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Vindafjord kommune (EIER), 5. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – lesing 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Hele landet, 5. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Alle kjønn


Resultata i lesing ligg fire skalapoeng under landsgjennomsnittet på 49, noko som må reknast som svakt.

Nær halvparten av elevane våre er plasserte på meistringsnivå 1.

I tillegg er det berre halvparten så mange elevar hos oss som i landet elles som når meistringsnivå 3.

### Skalapoeng – Utvikling over tid – lesing 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Vindafjord kommune (EIER), 5. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Alle kjønn



## Engelsk 5.trinn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – engelsk 5. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Vindafjord kommune (EIER), 5. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – engelsk 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Hele landet, 5. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Alle kjønn

Engelskresultata viser ei positiv utvikling: færre elevar ligg på meistringsnivå 1, og mange er på nivå 2.

Skalapoenga har auka frå 46 til 47, sjølv om ein framleis ligg under landsgjennomsnittet som er 50 skalapoeng.

### Skalapoeng – Utvikling over tid – engelsk 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Vindafjord kommune (EIER), 5. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Alle kjønn



## Rekning 8. og 9.trinn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – regning 8. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Vindafjord kommune (EIER), 8. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – regning 9. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Vindafjord kommune (EIER), 9. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – regning 8. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Hele landet, 8. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – regning 9. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Hele landet, 9. årstrinn, Regning, Alle eierformer, Alle kjønn


Resultata for 8. og 9. trinn viser at me har ein større del elevar på meistringsnivå 1 og 2 enn landet elles. Samstundes har elevane i Vindafjord like stor framgang som landsgjennomsnittet, med ein auke på 2 skalapoeng frå 8. til 9. trinn.



## Lesing 8. og 9.trinn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – lesing 8. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Vindafjord kommune (EIER), 8. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – lesing 8. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Hele landet, 8. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – lesing 9. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Vindafjord kommune (EIER), 9. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – lesing 9. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Hele landet, 9. årstrinn, Lesing, Alle eierformer, Alle kjønn


Det er positivt at færre elever på 8. trinn ligg på meistringsnivå 1 og 2. Vindafjord held fram med same resultat som i fjor, med 47 skalapoeng, medan landsgjennomsnittet er 49. Elevane viser større framgang mellom 8.klasse og 9.klasse dette året. Framgangen har same utviklings som landsgjennomsnittet.



## Engelsk 8.trinn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – engelsk 8. årstrinn


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Vindafjord kommune (EIER), 8. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mestringsnivåer – Utvikling over tid – engelsk 8. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Hele landet, 8. årstrinn, Engelsk, Alle eierformer, Alle kjønn

Nasjonal prøve i engelsk blir berre gjennomført på 8.trinn, ikkje på 9.trinn. Nær halvparten av elevane scorar på nivå 1 eller 2, det er ei negativ utvikling. Kommunen ligg heile 5 skalapoeng under landsgjennomsnittet, mot 3 førre år.





## Oppsummering:

Resultata frå dei nasjonale prøvane viser at vi har svakare prestasjonar på de fleste områda enn det vi ønskjer. Dette peikar på at fleire elevar treng ekstra støtte for å utvikle gode strategiar. Lesing er ein grunnleggande dugleik som påverkar læringa i alle fag, og det er difor viktig å setje inn målretta tiltak tidleg.

Skulane arbeider systematisk med å analysere kva delområde innan grunnleggande dugleikar elevane strevar mest med, og kva for elevar som treng særleg oppfølging. På bakgrunn av kartleggingane blir det sett i verk tiltak som til dømes: Lesekurs og intensiv opplæring for elevar med behov for forsterka innsats, strukturert arbeid med lesestrategiar i den ordinære undervisninga, varierte og tilpassa tekstar, slik at alle elevar får moglegheit til å meistre lesing på sitt nivå. I tillegg har ein tett samarbeid med PPT når elevane treng meir omfattande tilrettelegging.

Forskingsbasert kunnskap viser at tidleg innsats, kombinert med langsiktig, systematisk arbeid, gir gode effektar på utviklinga av grunnleggande ferdigheiter. Det vidare arbeidet vil difor ha som mål å styrkje kvaliteten i opplæringa ytterlegare og å sikre at alle elevar utviklar solide og varige ferdigheiter som grunnlag for vidare læring og fagleg utvikling.

Det er fleire faktorar som påverkar resultata til elevane våre. I Vindafjord er praksisen at det skal svært særskilte grunnar til før ein elev får fritak frå prøva. Vi ser at denne praksisen varierer mellom kommunane, og døme nedanfor viser at Vindafjord har klart færre elevar med fritak enn landet elles. Sidan årskulla våre er på litt over 100 elevar, kan dette få relativt store utslag i resultata.

Del elevar som er fritatt frå nasjonale prøvar i 5.klasse:

Prøve	Heile landet	Vindafjord kommune
Engelsk 5.kl	6,2	4,3
Lesing 5.kl	7,2	6
Rekning 5.kl	6,3	4,3

[Nasjonale prøver 5. trinn – resultater | udir.no](https://udir.no)

Til informasjon har Utdanningsdirektoratet fått i oppdrag å utvikle læringsstøttende prøver som skal erstatte dei nasjonale prøvane slik dei er i dag. Bakgrunnen for oppdraget er at dei nasjonale prøvane i lesing, rekning og engelsk ikkje dekkjer behova i skulen.


[Nye læringsstøttende prøver | udir.no](https://udir.no)



## Resultat Elevundersøkinga 10.klasse


Samanlikna med resten av landet er resultata frå Elevundersøkinga litt under snittet.

### Elevundersøkelsen – Alle indikatorer – 7. årstrinn



2025-26, Vindafjord kommune (EIER), 7. årstrinn, Alle indikatorer, Alle eierformer, Alle kjønn

### Mobbing på skolen – Alle indikatorer – 10. årstrinn



2025-26, Vindafjord, 10. årstrinn, Mobbing - alle indikatorer, Alle eierformer, Alle kjønn

Kjelde: [Analysebrettet - Elevundersøkelsen for grunnskole](#)



Resultata viser særleg høge tal når det gjeld mobbing, noko som er ei tydeleg bekymring. Dette gjeld både mobbing frå medelevar, digital mobbing og tilfelle der elevar opplever mobbing frå vaksne. Desse resultata står i sterk kontrast til fjoråret, då delen elevar som rapporterte mobbing låg på berre 6,7 prosent. Variasjonen frå eitt år til eit anna er dermed stor, og utviklinga krev grundig vurdering.

Etter at resultata vart kjende, har dei aktuelle skulane sett i gang vidare kartlegging og tiltak for å få eit meir presist og nyansert bilete av situasjonen. Mellom anna har dei gjennomført undersøkinga *Spekter*, som er ei ikkje-anonym kartlegging. Denne undersøkinga gjer det mogleg å følgje opp enkeltelevar og konkrete situasjonar på ein heilt annan måte enn i ei anonym undersøking, og gir skulane eit betre grunnlag for målretta tiltak.

Skulane har òg teke funna opp i samtalar med både elevar og tilsette, og i enkelte tilfelle har dei òg informert føresette. Det kom fram at nokre av svara frå elevane såg ut til å vere prega av tull eller misforståingar, men resultatet som heilskap viser likevel at dette er eit område som må takast på alvor. Sjølv om noko kan forklarast med feilkjelder, peikar tala på behov for vidare innsats.

Det er difor sett i verk eller planlagt fleire oppfølgjande tiltak, mellom anna styrking av det førebyggjande arbeidet, tettare dialog med elevgrupper, og vidare kartlegging for å sikre at alle elevar opplever eit trygt og inkluderande skulemiljø. Arbeidet vil halde fram i samarbeid med både tilsette, elevar og føresette for å sikre ei varig og positiv utvikling.

## Resultat Ungdata

Ungdata-undersøkinga blei gjennomført i mars 2025. På ungdomsskulen deltok 338 elevar (svarprosent 91), og på vidaregåande deltok 308 elevar (svarprosent 84). Resultata frå Vindafjord gir eit hovudinntrykk av at dei fleste ungdommar har det bra i kvardagen, samtidig som rapportane peikar på nokre tydelege utfordringar.

Når det gjeld livskvalitet, plasserer om lag 8 til 9 av 10 seg på 6 eller høgare på skalaen for livstilfredsheit, både på ungdomstrinnet og i vidaregåande. Det er noko variasjon mellom trinn og kjønn. Dei fleste oppgir å ha gode relasjonar: 91 prosent på ungdomstrinnet seier dei har minst éin fortruleg venn, og 85 prosent er nøgde med foreldra eller føresette. På vidaregåande er fleirtalet nøgde med skulen (om lag 75 til 83 prosent), medan delen som er nøgde på ungdomstrinnet er lågare, og det er ein tydeleg skilnad mellom gutar og jenter.

Samtidig kjem det fram område der fleire strevar. Ut frå resultata har ein valt ut fire hovudområde som ein skal jobba vidare med. Desse er:

- Motivasjon
- Å grue seg
- Å kjede seg
- Fysisk og psykisk helse

Desse tema er noko som blir jobba med på fleire nivå i kommunen, frå elevråd, ungdomsråd, i Laget rundt barn og unge, i undervisningsopplegg i grunnskule og vidaregåande skular. Ein har og gått inn på resultata klassevis, og jobba med tiltak ut frå funna.



For utfyllende informasjon om resultatene i undersøkningen for Vindafjord kommune, gå inn på denne siden: [Rapporter - Ungdata](#)


## Gjennomsnittleg grunnskulepoeng på 10.trinn

Grunnskulepoeng er samla poengsum som er rekna ut frå alle standpunkt-og eksamenskarakterar på vitnemålet. Grunnskulepoeng uttrykkjer elevane sitt karaktersnitt og er grunnlag for inntak til vidaregåande opplæring.

Tabellen under viser at elevane i Vindafjord ligg litt under gjennomsnittet samanlikna med fylket og landet.

Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	2023-24 ?		2024-25 ?	
	Alle eierformer ?		Alle eierformer ?	
	Alle kjønn ?		Alle kjønn ?	
	Grunnskulepoeng ?	Antall elever ?	Grunnskulepoeng ?	Antall elever ?
- Hele landet	42,2	61 783	42,2	62 683
- Rogaland	42,3	6 164	42,5	6 239
+ Vindafjord	41,1	112	39,9	120

[Grunnskulepoeng | udir.no](#)





## Fråvær

Tabellen under viser at elevane i kommunen har lågare fråvær samanlikna med fylket og heile landet. Tendensen i landet er at fråværet fortset å auke, det skjer om i Vindafjord. På landsbasis har elevar på 10.trinn tre fråværsdagar og tre fråværstimar meir enn før pandemien.

Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	2023-24 ?			2024-25 ?		
	Alle eierformer ?			Alle eierformer ?		
	Alle kjønn ?			Alle kjønn ?		
	Median dager ?	Median timer ?	Antall elever ?	Median dager ?	Median timer ?	Antall elever ?
- Hele landet	8,0	7,0	66 450	9,0	8,0	67 479
- Rogaland	7,0	6,0	6 719	8,0	6,0	6 730
+ Vindafjord	5,0	6,0	117	6,0	7,0	125

[Tall for fravær på 10. trinn | udir.no](https://udir.no)

## Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Elevar som fullfører vidaregåande opplæring, står betre rusta til å delta aktivt i arbeidslivet og samfunnet elles i framtida. Gjennomføringsgraden i Vindafjord har vore, og er framleis, høgare enn gjennomsnittet i Rogaland og i landet totalt.

Tabellen viser status for gjennomføring for elevar fem/seks år etter de begynte i vg1 for første gang.

Del % elevar som har fullført vgs 2024/2025	I alt	Påbygg	Studie-spesialiserande	Yrkesfag
Rogaland	85,2%	77,2	87,3	83,7
Ølen VGS	90,9	95,5	92,6	88,5



Det er og færre elever som sluttar i vidaregåande opplæring, samanlikna med Rogaland fylke.

Del % elevar som har slutta i vgs 2024/2025	I alt	Påbygg	Studie-spesialiserande	Yrkesfag
Rogaland	3,1	5,6	1,5	4,9
Ølen VGS	1,3	0	0	2,9

[Kvalitetsmelding for vidaregåande opplæring i Rogaland - Rogaland fylkeskommune](#)





## Fokusområde framover

Arbeidet med barn og unge i Vindafjord kommune tek utgangspunkt i plandokumentet *Pedagogikk og strategi i barnehage og skule*. Dokumentet byggjer på felles mål, verdiar og prinsipp for laget rundt barn og unge, og fungerer som ein overordna rettesnor for utviklingsarbeidet i både barnehage- og skulesektoren.

[Pedagogikk og strategi i barnehage- og skule](#)

### Visjon

«Saman for læring – læring for livet»

“Barnehage og skule skal saman gi alle elevar eit læringsløp der kvart einskild barn får oppfylt sitt fulle faglege potensiel og blir eit trygt, aktivt og sjølvstendig menneske”

### Kompetanseutvikling og kvalitetsarbeid

Einingane i kommunen arbeider systematisk med barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling. Arbeidet er forankra i lokale behov og forskingsbasert praksis, og har som mål å styrke utvikling og læringsutbytte for kvar einskild elev og barn. Barnehage- og skuleeigar ønskjer å halde fram med felles utviklingsarbeid på overordna nivå, samstundes som det blir tilpassa behova ved kvar enkelt eining.

### Samhandling i laget rundt barnet

Samhandling gjennom LRBU – *Laget Rundt Barn og Unge* – står sentralt i kommunen sitt arbeid. I dette ligg òg *HLRBU – Heile Laget Rundt Barn og Unge-konferansen*, som fungerer som ein viktig arena for kompetansedeling, samarbeid og felles retning på tvers av tenester.

Kommunen legg særleg vekt på å sikre barn og elevar eit godt psykososialt miljø. Tidleg innsats er eit grunnleggjande prinsipp, og for å lukkast krevst det tett og koordinert samarbeid mellom dei ulike tenestene som møter barn og familiar. Målet er å gi rett hjelp så tidleg som mogleg til dei som treng støtte, og slik bidra til tryggleik, inkludering og god utvikling for alle barn og unge i kommunen.

### Status for barn og unge i Vindafjord

Dei fleste barn og elevar i Vindafjord har det godt, og rapporterer om høg trivsel både i barnehage, på skule og i heimen. Kommunen har òg ein høg del ungdommar som fullfører vidaregåande opplæring, noko som er ein viktig indikator på at oppvekstmiljøet i Vindafjord gir gode rammer for utvikling og læring. Tilbakemeldingar frå både barn, unge og føresette tyder på at ein i stor grad lukkast med å sjå den einskilde, og å gi støtte og hjelp når det trengst. Trygge barn og unge som trivst, har eit betre grunnlag for læring, utvikling og deltaking – noko som gir solide føresetnader for eit godt vaksenliv.



### Område med behov for forbedring

Samtidig er det område der kommunen må styrke innsatsen. Resultata frå ulike kartleggingar viser at Vindafjord ligg under landsgjennomsnittet på fleire mål for læringsutbytte. Dette er ikkje tilfredsstillande, og peikar på behovet for å auke læringstrykket i både barnehage og skule. Særleg viktig er det å prioritere arbeid med språk og tidleg lese- og skriveopplæring i grunnskulen, då dette legg fundamentet for vidare læring i alle fag.

Motivasjon for læring er eit anna område som krev merksemd. Motivasjon heng tett saman med læringsvilje, og her kan auka elevmedverknad vere eit viktig verkemiddel. Gjennom aktiv involvering i eiga læring kan elevane få større eigarskap og engasjement. Eit godt samarbeid med heimane er òg avgjerande, både for å støtte elevane i kvardagen og for å kunne fange opp og setje inn tidlege tiltak der det er behov.

### Rekruttering og kompetanse

Eit sentralt utviklingsområde for sektoren er rekruttering, utvikling og det å behalde kvalifisert personell. Dette er ei nasjonal utfordring, og Vindafjord er ikkje unnteken. Det er generelt låg søking til barnehagelærer-utdanninga i heile landet, noko som også påverkar rekrutteringa lokalt. For å møte denne utfordringa er ordningar som ABLU (arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning) viktige, då dei gjer det mogleg for tilsette å ta utdanning medan dei står i jobb. Ordningar som gir tilsette høve til Vidareutdanning i relevante fagområde, er med på å sikre at kvar eining har nødvendig og oppdatert kompetanse.

